

## NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 7/2018, 13.06.2018

"Kunnskap for framtida" [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no)

### HØGSKULESTYRET: UENDRA AVDELINGSSTRUKTUR

På møtet i høgskulestyret 7. juni var spørsmålet om avdelingsstruktur på dagsorden og resultatet vart at høgskulestyret samrøystes bestemte å halde fram med dagens struktur. I vedtaket vart også Avdeling for mediefag og Avdeling for kulturfag bedne om å sette ned ei faggruppe som skal vurdere potensialet for potensialet for fagleg samarbeid og nyskaping. Styret ønskjer også ei vurdering av styringsordninga på avdelingane og vil kome tilbake til det i seinare møte. Protokollen frå styremøtet vert lagt ut på nettsidene etter at styremedlemmene har godkjent den pr e-post.

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Meetings/Details/250727>

### HØGSKULESTYRET: MANGE ENDRINGAR I BUDSJETTMODELLEN

Høgskulestyret ved Høgskulen i Volda handsama i møtet 7. juni budsjettmodellen til høgskulen. Styret vedtok ei rekkje endringar i budsjettmodellen. Ei av dei største endringane er at det no er sett tak på avsetningane slik at frå og med 2020 kan avdelingane eller fellesadministrasjonen berre ha inntil 10 prosent av årsløyvinga i avsetningar, og frå 2019 blir det også innført eit tak på kor mykje av budsjettavviket som kan overførast kvart år. Dei siste åra har avsetningane ved Høgskulen i Volda auka frå ca 25 mill til ca 75 mill. Store og aukande avsetningar er ei utfordring for heile sektoren. Jf artikkel i Khrono: <https://khrono.no/tilstandsrapporten-ubrukte-midler-avsetninger/67-ubrukte-milliarder-ved-landets-hogskoler-og-universiteter/223949>

### REVIDERT INSTRUKS FOR VARSLING

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) ønsker at alle tilsette skal gjere seg kjende med instruks for varsling. Instruksen ligg i HMS-handboka under «Kontroll, avvik og forbetring» Her er lenke til instruksen (krev innlogging): <https://cp.compendia.no/hgskulen-i-volda/hms-handbok/193040>

Der pågår eit nasjonalt arbeid med gjennomgang av varslingsreglane. Instruksen blir revidert etter at dette arbeidet er ferdigstilt.

### TEMA FOR HMS-DAG 2019: SEKSUELL TRAKASSERING OG KULTURBYGGING

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) vedtok i førre møte at på HMS-dagen i 2019 så blir seksuell trakassering og kulturbygging overordna tema. AMU har alt teke kontakt med KIF-komiteen for å få innspel til innleiarar.

### 400 EKSAMENAR I VÅRHALVÅRET

Høgskulen i Volda arrangerer i vårsemesteret 2018 ca 400 eksamenar av ulikt slag. Dei siste eksamenane blir arrangert første veka i juli. Her er oversyn over alle eksamenar:

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/eksamen/eksamensplan>

### 25 MILLIONAR I FERIEPENGER

Feriepengane for 2018 har no blitt utbetalt frå Høgskulen i Volda, og i alt er det ca 25 millionar kroner som har gått ut til tilsette ved Høgskulen. Dei tilsette ved Høgskulen i Volda utførte i 2017 ca 326 årsverk, noko som er fleire enn nokon gong tidlegare. For 20 år sidan var talet på årsverk ca 200.

## OPNINGSTIDER I SOMMAR

**Biblioteket:** Opningstida vert korta inn til kl 10-14 i tida 25. juni til 15. juli. Biblioteket er heilt stengt frå 16.-27. juli. Opningstida blir kl 10-14 dei to første vekene i augst. Det blir deretter vanlege opningstider frå måndag 13. august. <https://www.hivolda.no/biblioteket>

**Bokhandelen (Akademika):** Butikken er stengt i veke 26-31. I veke 26 og 27 er butikken bemanna og har «besøksstid» for forelesarar og andre tilsette kl 12-14. Kaffi på kannan! Frå 6. august er butikken open kl 9-16. <https://www.akademika.no/node/23608535>

**Kantina:** Vanlege opningstider fram til 20. juni. Deretter stengt i slutten av juni og heile juli. Første opningsdag etter ferien blir ?? <https://www.sivolda.no/kantine/category871.html>

**Pangaia:** Pangaia held ope til ca 20. juni - då har dei siste studentane reist. Pangaia er altså stengt i heile juli. Dei første utanlandske studentane kjem til Volda 4. august, og Pangaia har vanlege opningstider frå 14. august.

### Desse held ope i heile sommar:

**IT-hjelp:** Ope kl 8-15.30 i heile sommar.

**Sentralbordet:** Ope kl 8-15 heile sommar.

**Studentsamskipnaden:** Ope kl 9-15 i heile sommar.

**Studentsørvis:** Ope kl 8-15 i heile sommar.

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2018

- 14.6. Møte i Strategisk studienemnd:  
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/290025>
- 18.6. Sommaravslutning for alle tilsette i kantina
- 21.-22.06.2018: Fjordkonferansen. NTNU Ålesund. <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/fjordkonferansen-2018>

## Hausten 2018

- 14.8. Semesteropning for studieåret 2018-2019:  
<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/studiestart>
- 24.8. Samling for nytilsette
- 6.9. Seminar om HVO-historia
- 13.9. Styremøte 5/2018:  
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 19.-27.9 Forskingsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/kategori/forskning-og-utvikling/forskingsdagane-2018-oppvekst>
- 26.-27.9. Karrieredagane 2018: <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2018>
- 22.-23.10. Styreseminar på Hotell Ivar Aasen - styremøte 6/2018 (på Høgskulen):  
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>
- 24.10. Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal held møte på HVO:  
<https://mrfylke.no/Politikk/Politiske-organ/Kultur-og-folkehelseutvalet>
- 31.10.-1.11. Utdanningsdagane 2018: <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2018>
- 6.12. Styremøte 7/2018:  
<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA/Boards/Details/207836>

## HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

Våre ledige stillingar blir lyst på nettsida nedanfor - der er det også høve til å få e-postvarsling når det blir lyst ut nye stillingar hos oss.

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## REKTORBLOGGEN:

Opningshelsing på symposium for skriftkultur, 6. juni 2018

<https://blogg.hivolda.no/jr/2018/06/06/opningshelsing-pa-symposium-for-skriftkultur/>

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>